

BEREKRAFTIG ENERGIPOLITIKK

DNT ber regjeringa sjå framtidige energibehov opp mot naturinngrep, og oppmodar om å jobbe for eit lågare forbruk og ein berekraftig energifordeling.

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har DNT eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Attraktive turområde og landskap, er grunnlaget for dei gode naturopplevingane for oss og framtidige generasjonar. Naturforvaltning er derfor ein vesentleg del av DNT si kjerneverksemd.

Ynskje om meir fornybar energi har ført til storstilla utbygging av vindkraft, vasskraft og overføringsliner, men energipolitikken er i dag ikkje godt nok samordna med miljøpolitikken. DNT sitt hovudmål for naturvenleg energiproduksjon er å hindre energiutbygging i intakt og sårbar natur, og redusere negativ verknad på viktige natur- og friluftslivsverdier frå produksjon og overføring av energi.¹

DNT er urolege for at tap av naturmangfald ikkje blir teke nok på alvor, og at det vert tatt for lett på bit-for-bit nedbygginga av natur – ofte under dekke av at dette må vi tåle i klimaets namn. Intakt natur og økosystem i balanse er sjølve livsgrunnlaget til menneska. Arealinngrep og utbygging av blant anna energianlegg og kraftliner trugar dette og gjev i seg sjølv store klimagassutslepp.² Det er på høg tid vi legg til rette for klimatiltak som spelar på lag med naturen. DNT vil derfor jobbe med å påverke politikarar og avgjerdstakarar til å føre ein energipolitikk basert på lågare vekst i energibruken enn skissert og berekraftig energifordeling³.

Statnett sine prognosar legg til grunn ein forventa forbruksvekst på 40-50 TWh i Noreg innan 2050. Den venta veksten skuldast i hovudsak planar om ny industri og elektrifisering av samfunnet. Planane omfattar tradisjonell industri og ny kraftkrevjande industri som datalagringsentre og batterifabrikkar, samt elektrifisering av bilparken, kollektivtrafikken, og offshoreindustrien på sokkelen. Per i dag har vi i fylgje Statnett kraftoverskot, men på sikt vil ein ikkje klare å dekke det estimerte forbruket utan å auke produksjonen av fornybar energi. Samtidig vedgår Statnett at det er knytt stor uvisse til prognosane, ettersom det er uklart i kor stor grad petroleumssektoren vil bli elektrifisert.⁴

Det er ikkje mogleg å produsere så mykje fornybar energi utan store naturinngrep, i form av vasskraft, landbasert vindkraft eller havvind. I tillegg er mangel på nettkapasitet per i dag eit hinder for framføring av energi til industrien mange stader.⁵ Både nye kraftlinjer og utbygging av ny fornybar energi vil vere utfordrande å gjennomføre utan å kome i konflikt med viktige friluftslivsområde eller

¹ DNT – Handlingsplan for Natur, kulturarv og miljø 2021 - 2024

² Norsk institutt for naturforskning

³ Berekraftig energifordeling kan forståast som ein ressursfordeling som balanserer forbruket vårt mot belastninga på miljøet jamfør FN sine berekraftsmål. Energiproduksjon- og fordeling bør i tillegg til å bidra til å stoppe klimaendringane (mål nr 13) også ta omsyn til mål nr 14 - livet i havet, og mål nr 15 - livet på land. (<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>)

⁴ Statnett – Langsiktig markedsanalyse. Norden og Europa 2020-2050

⁵ Statnett – Konseptvalutredning for Bergen og omland, november 2020

sårbar natur. Er det då hensiktsmessig å satse på datalagringsentre og elektrifisering av sokkelen dersom det betyr at vi må grave opp fleire CO2-rike myrer og rasere verdifullt landskap for å produsere og få straumen fram?

Vi bør ikkje la estimat for eit svært høgt energibehov ligge til grunn for kraftutbygging i framtida utan ein vurdering av kva som er berekraftig på lang sikt. Vi må ikkje sløse med den fornybare energien vår, men nytte den effektivt og fordele den fornuftig slik at vi også kan ivareta urørte landskap og eit rikt naturmangfald.

DNT er opptatt av å redusere klimagassutslepp, men vi må gjere dette på ein måte som sikrar intakt natur og velfungerande økosystem – verdiar som tilhøyrar ålmenta, no og i framtida. DNT vil derfor bidra til ei berekraftig og naturvenleg omstilling til eit fossilfritt samfunn. Dette kan vi oppnå med eit lågare forbruk gjennom å effektivisere, spare og prioritere. Vi meiner Noreg må ha ein politikk som tek til orde for strategiske val i høve kva type næring som skal prioriterast med tanke på energileveransar.